Uskedalen 15. febr. 1943.

Til

Norigs Ungdomslag Vestlandskontoret
v/ Asbjørn Berntsen,
Bergen.

Dykkar skriv av 11 febr. 1943 hev eg motteke.

Eg skal få melda frå, at styret i Uskedal Ungdomslag sende uppgåva yver all lagsviga, til Norigs Ungdomslag, Oslo den 10. mars 1942, vedlagt fylgde og medlemsliste pr. 23 febr. 1942.

Den 17 nov. 1942 sende me påny oppgåve til Norigs Ungdomslag, Vestlandskontoret, Bergen, etter purring frå styraren herr Dagvald Bakke. Me har seinare teke mot brev frå han, der han

vedgår å ha like ~~mot~~ denne. Me
hev soleis tvo gonger 1942 sendt
inn denne oppgåva. Det undrår
meg difor, då De skriv at me
trass i fleire uppmodningar ikkje hev
fylgt dette kravet. Feilen for at
dette ikkje er kome Dykk i hende
må vera på kontoret og Skrivarstova,
Oslo.

Grunnen til at me er
innkalla til møte i Bergen 20. febr. d. å.
er soleis ikkje til stades, og me ventar
å høyra frå Dykk snarast råd dersom
me framleis har møteplikt.

For Usk. Ungdomslag
Einar Myklebust.
Uskedal